



ÅRSMØTE FOR 2015

TORSDAG 11 FEBRUAR 2016 KL 19.30
PÅ EIKUM HOTELL

Det var 37 frammøtte
+ 15 gutar ifrå G12 m /trenarar og nokon foreldre som kom til utdeling av pris

Sak 1 Opning.

Leiar ynskjer velkommen

Sak 2 Godkjenning av innkalling

Innkallinga er godkjent

Sak 3 Godkjenning av sakliste

Saklista er godkjent

Sak 4 Val av møteleiar og skrivar

Møteleiar: Margunn Hillestad

Skrivar: Marie Ovrud

Sak 5 Val av to medlemmar til å skriva under møteboka

Erna Hamrum og Anne Sandøy

Sak 6 Årsmelding frå styret

Leiar gjekk gjennom årsmeldinga ifrå styret, og gjekk inn på nokon punkt:

- Medlemstalet
- Økonomi , der var det teke fram 2 punkt : Marknad og Lerum Cup
- Krisehandteringsplan, kort orientering. Denne vil bli lagt på heimesida og det er viktig at leiarane i gruppene gjer seg kjent med denne .

Merknader: Ingen

Vedtak: Godkjent

Sak 7 Årsmelding frå gruppene

7.1 Barneidrett v / Tonje Bremer

Årsmeldinga lagt fram av gruppeleiar. Det er 140 barn i alderen 0-11 år som deltek.
Vedtak :Årsmeldinga er godkjent.

7.2 Trim v / Anne Sandøy

Årsmelding lagt fram av gruppeleiar.
Vedtak : Årsmeldinga godkjent

7.3 Langrenn

Årsmeldinga blei lagt fram slik den føreligg.
Vedtak : Årsmeldinga godkjent

7.4 Alpin v / Jørgen Berg

Årsmelding lagt fram av gruppeleiar.
Det er mykje kjekt og positivt som har skjedd i 2015 .
Vedtak : Årsmeldinga godkjent

7.5 Hopp v / Per Birger Lomheim

Årsmelding lagt fram av gruppeleiar.
Vedtak : Årsmeldinga godkjent

7.6 Orientering v/ Ove Oklevik

Ove informerte litt om samarbeidet med Sogndal idrettslag .
Vedtak : Årsmeldinga godkjent

7.7 Fotball v /Ove Midtbø

Fotballgruppa er nok den største gruppa, ca. 200 spelarar, nesten like mange jenter som gutar.
Stor aktivitet gjennom heile året.
Vedtak : Årsmeldinga godkjent

Stadionstyret v / Geir Afdal

Årsmelding lagt fram av leiar.
Vedtak : Årsmeldinga godkjent

7.8 Foreldrelaget v / Erna Hamrum

Vedtak : Årsmeldinga godkjent

Sak 8 Rekneskap

Kasserar gikk igjennom hovudpostane:

- Full momskompensasjon for 7-ar bana
- Litt om dei store inntektspostane
- Kort gjennomgang av dei ulike gruppene

Revisjonsmelding framlagt av Gerd Westby Haugen.
Vedtak : Rekneskapen er godkjent

Sak 9 Fastsetjing av medlemskontingent

Styret legg framlegg om at satsane for 2017 blir som no.

Vedtak: Framlegg er godkjent

Sak 10 Budsjett

Ingvild går igjennom nokon punkt

Vedtak: Budsjettet for 2016 vert godkjend.

Sak 11 Innkomne saker

Sak 11.1: Ny lov for Hafslo IL

Margunn går igjennom punkta som er endra.

Vedtak: Godkjent

Sak 11.2: Val av 1 representant til idrettskrinstinget

Styret ber om fullmakt til å finne representant m/vara.

Vedtak: Godkjent

Sak 11.3: Utvikling/investering Sogn Skisenter

Orientering v/Ove Oklevik. Han orienterte kort om anleggsplanen og prioriteringar som er gjort for 4 årsperioden, samt forslag til finansiering.

Margunn orienterte om at dette er ei oppfølging av sak på førre årsmøte og refererte til at idrettslaga i kommunen har hatt eit felles møte med Sogn Skisenter.

Vedtak : Framlegg er godkjend

Sak 11.4: Framtida til Hafslovatnet rundt

Styret legg fram 2 forslag til vedtak

Framlegg 1:

Årsmøte vedtek at det vert sett i gang arbeid med å utvide «Hafslovatnet rundt»-nemnda frå 3 til 6 medlemmar. «Hafslovatnet rundt»-nemnda står som arrangør i lag med langrennsgruppa.

Framlegg 2:

Årsmøte vedtek at «Hafslovatnet rundt» vert lagt ned med verknad frå 2017.

Framlagt vedtak ifrå styret:

Framlegg 1 vedteke mot 5 røyster

Sak 11.5: Utgreiing av treningsareal for fotball

Ove Midtbø orienterte kort om saka.

Framlegg til vedtak:

Årsmøte vedtek at styre i Hafslo IL får mandat til å setje ned ei prosjektgruppe med føremål om å utgreie enkle og rimelege alternativ for å auke kapasiteten på innandørs treningsareal.

Saka vert å leggje fram på nytt på årsmøte for 2016 med alternative løysingar og kostnadsoverslag og finansiering.

Framlagt vedtak ifrå styret :
Framlegget vart vedteke mot 1 røyst

Sak 11.6: Godtgjersle styreverv

Denne saka er kome opp på grunnlag av auka arbeidsmengd og som rekrutteringstiltak.

Framlegg til vedtak:

Årsmøte vedtek at godtgjersle for følgjande styreverv vert auka til:

Leiar: 40 000,-

Nestleiar: 20 000,-

Kasserar: 25 000,-

Gjeldande frå 2016

Framlagt vedtak ifrå styret :

Godkjent

Sak 12 Val

Leiar i valnemnda orienterte om deira arbeid.

Valnemnda har ikkje kandidatar til leiarverv og nestleiarverv

Margunn orienterte om at idrettslaget ikkje kan fungere utan leiar.

Leiar i valnemnda legg fram «kriseløysning» framlegg til vedtak:

Margunn Hillestad tek på seg vervet som leiar for 1 år til.

Styre set ned ei gruppe som skal jobbe fram ein nestleiar kandidat innan august 2016, som kan rykke opp som leiar frå 2017.

Styret får mandat til å opnemne nestleiar når denne er på plass.

Vedtak: Framlegget er godkjent

Sjå eige skriv med innstilling frå valnemnda.

Alle framlegga vart einstemmig vedtekne.

Utmerkingar :

- Jørgen Berg overrekte innsatskrus til Geir Foss som har vore hovudtrenar for alpin i 3 år

Utmerking ifrå hovudsponsor Luster Sparebank til G12 som har fått tildelt velfortjent Fair Play-pris.

Banksjef Oddstein Haugen delte ut sjekk på kr 5000,- til gutane

Ove Midtbø gav desse ei blomsterhelsing ifrå fotballgruppa :

- Pål Iversen
- Joar Duesund (G12)
- Erna Hamrum tok imot på vegne av Jorunn Røyrvik og Britt Brugrand for innsatsen i foreldrelaget

Utdeling av innsatskrus til dei som gjekk ut av verv v/leiar.

- Paul Fransen
- Nils Petter Solheim
- Ove Oklevik
- Anne Sandøy
- Marie Ovrud

Leiar i fotballgruppa Ove Midtbø, delte ut utmerking frå fotballgruppa :

- Mette Johannessen
- Frode Håra
- Ole Hermann Meløy
- Viviann Kvam
- Kai Inge Cirotzki
- Stein Helge Selland

Møte heva kl. 23.00

Underskrift av møte protokoll :


Erna Hamrum


Anne Sandøy